# Næring på hjort – LMD og Skogkurs

Teamsmøte, 9. september 2025



*Jon Anders Stavang, dagleg leiar*

# Norsk Hjortesenter

## *- eit nasjonalt kompetansesenter -*

**Forvaltning av villhjort**
**Oppdrett**
**Kjøthandtering og rein mat**
**Innovasjon og verdiskaping**
**Dialog – formidling**
**FoU - forsøksdyravdeling for hjort**
**Turisme**

Etablert som stifting år 2000
6 fast tilsette (drift, kurs, seminar, rådgjeving, produkter, mm.)
100 tamme og 140 ville hjortar på Svanøy!
Studenter og praktikanter frå heile verda
Viktige oppdragsgjevarar:

- Landbruks- og matdepartementet
- Landbruksdirektoratet
- Vestland fylkeskommune og kommunar i heile Norge
- Grunneigarar, hjortebønder, jegerar og folk flest

# Kompetansesenter – Oppdrett







**Kong Harald har snart bursdag. Gjett kven som leverer hovud-råvara til festen**



Norges miljø- og biovitenskapelige universitet

NORSK HJORTESENTER








# Kompetansesenter – innovasjon





Kompetansesenter – slaktekurs, parteringskurs, spekekurs m.m.





# Næringsklynge for hjortekjøt



Hjorteklynga:

# Strategi - underbygd av prosjekt finanisert av Innovasjon Norge



# Rammevilkår for næring som slit med lønsemd

Norsk Hjorteavlsforening

01.09 2025

**Til:**
Landbruksministeren
Landbruks- og Matdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet

**Kritikk av Mattilsynet sine nye rutiner for kjøttkontroll i hjorteoppdrett**

Mattilsynet har frå 1. mai innført nye rutinar for kjøtkontroll. Der Mattilsynet før nemnte dato utførte ante-mortem- og post-mortem-kontroll i samband med slakting av oppdrettsvilt, er ante-mortem-kontroll i dag sett vekk til privatpraktiserande veterinærar som har teke tilleggsutdanning for å kunne utføre offentleg kjøtkontroll.

I eit dialogmøte med Mattilsynet 8. april fekk vi ei orientering om dette. Bakgrunnen for endringa av praksis, som medfører ein vesentleg auke i kostnadar for hjorteoppdrettarar, var for å spare pengar på Mattilsynet sitt driftsbudsjett, samt redusere tidsbruken for eigne tilsette på tilsyn. Ekstrarekninga ved å involvere privatpraktiserande veterinærar til ante-mortem-kontroll fann dei rimeleg at små lokalmatprodusentar skal ta.

Endringa i denne rutina var ikkje sendt på høyring, noko vi finn sterkt beklageleg. Politisk i Hurdalserklæringa ynskjer regjeringa å styrke lokal matproduksjon. Den nye praksisen til Mattilsynet, som altså er grunngjeve med ynskje om å betre situasjonen for Mattilsynet som kontrolleining, meiner vi undergrev politiske mål om lokal matproduksjon, samt at det tvillaust reduserer lønsemda til små matprodusentar.

# Næringsaktørar



## CARLSEN KJELL KRISTIAN

OPPDRETTSVILTSLAKTERI
VILTBEHANDLINGSANLEGG
NEDSKJERINGSANLEGG



## LØVAAS GARD

Vi driver innovativ gardsdrift og rettar søkelyset på velferd for både folk og dyr.
Hos oss er vi opptatt av «å ha det godt» – alle som er på garden, skal føle nettopp det.




## KYSTVILT AS

Kystvilt er ei foredlingsverksemd og eit mottak for vilt, særskilt vilt frå sitt nærområde ytst i Fjaler kommune. Mottaket skjer på eit lite småbruk ca. 5 mil vest av Lavik og E39. Her driv



## NORDFJORDHJORT

Velkommen til hjortefarmen i Nordfjord!
Bestill på førehand.



## SOGNAHJORT

Oppdrett av hjort. Direktesal av hjort.

Mollandsmorki 705, 6869 Hafslo



## VIKJA AS

Her er det godt å vera. Fjella som omkransar den vakre bygda gjev næring til grøderike gardar og sommarbeite av høg kvalitet.



## MARÅS HJORT

Der fjord møter fjell, i den mektigste Vestlandsnaturen,ligger hjortefarmen vår – Marås Hjort. Våre hjortar trivst, er handtamme og kontaktsøkande. Glade dyr gir glad mat!



## LUND HJORT DA

Lund Hjort blir drifta av brørne Ole Bjørn og Inge, og er lokalisert i Lærdal kommune.

Lund Hjort har eige slakteri på garden. Her vert



## HAUGEN GARDSMAT DRIFT

Haugen Gardsmat produserer mat tufta på tradisjon, kvalitet og samspel med naturen kring oss.



## TVEIT SØNDRE GARDSMAT

Kontaktpersoner: Kjell Vidar Øglænd



## STIFTINGA NORSK HJORTESENTER

Nasjonalt kurs-, utviklings- og

Næringsklynga:

# Det offentlege, faglag og kompetansemiljø

- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Kommunane
- Bondelaget
- Norsk Hjortesenter
- Kompetansenavet Vest

# Nytt Innovasjon Norge prosjekt

- Arbeidspakke 1: Meir tilgjengelig viltkjøt
- Arbeidspakke 2: Kvalitetsstandard for hjort
- Arbeidspakke 3: Profilering av hjorteklynga
- Arbeidspakke 4: Organisering av hjorteklynga



# Nye rettleiarar






# Konfidensiell - Spesifikasjon for stykningsdelar frå Hjorteklynga

Jon Anders Stavang, Knut Marås, Kjell Vidar Øglænd,
Bjarte M. Midtbø, Kjell Kristian Carlsen, Olav Arnar Bø
13.08.2025

## Mørbrad

Mørbraden er del av låret og sit øvst mot nøkkelbeinet. Mørbrad er ein smaksrik, mager og mør biff, som kan vere eit godt alternativ til entrecôte, indre- og ytrefilet. Tidleg i jakta eller på oppdrettshjort i god kondisjon sit det ofte eit tjukt feittlag på utsida av låret og mørbraden.

Ved å «skrelle» av mørbraden får ein fram ein attraktivt biffstykke utan feittrand (sjå video). Loket på innsida tek ein vekk slik at ein sit att med eit reint kjøtstykke. Hinner skal trimmast vekk. Sidan mørbraden er såpass liten skal midtsena vere att i kjøtstykket slik at fasongen til mørbraden vert teken i vare. Ved steiking kan den eventuelt fjernast.

**Video:**

8. Mørbrad partering og reinskjering



*Mørbrad ferdig trimma (over) og ferdig vakuumert (under).*

# Program for samlinga




## Workshop i Hjorteklynga

Dato og tid: Kilstraumen Brygge, 25.–26. mars 2024, lunsj til lunsj.

Merk at det er eit eige program for dei som skal delta på kurs i skjering 26. mars etter lunsj.

Tirsdag 25. mars

| Tid | Post |
|---|---|
| 11.30–12.30 | Lunsj |
| 12.30–13.00 | Innleiing til workshop<br>• Velkommen v/Jon Anders Stavang, Norsk Hjortesenter<br>• Om workshopen v/William Fagerheim, Mind the Gap<br>• Orienteringar v/Jon Anders Stavang, Norsk Hjortesenter |
| 13.00–13.30 | Arbeidsgruppe om Kvalitetsstandard for hjort<br>• Status og klipp frå opplæringsfilm under produksjon v/Jon Anders Stavang, Norsk Hjortesenter |
| 13.30–13.40 | Arbeidsgruppe om Meir tilgjengeleg viltkjøt<br>• Status og plan for arbeidet v/Marit Hjortung |
| 13.40–15.10 | Arbeidsverksted 1: Meir tilgjengeleg viltkjøt |
| 15.10–15.40 | Pause |
| 15.40–16.00 | Om kvifor Gudbrandsdalsmat vart organisert som eit SA og om korleis dette tener formålet og bedriftene v/Anette Svastuen, tidlegare dagleg leiar i Gudbrandsdalsmat SA |
| 16.00–16.30 | Om organisering og å byggje ei merkevare med døme frå Tørrfisk fra Lofoten og Lofotlam v/Anne Karine Statle fra Tørrfisk fra Lofoten |
| 16.30–16.40 | Arbeidsgruppe om Organisering av klynga<br>• Status og plan for arbeidet v/Kristine Ohnstad, Haugen Gardsmat og Geir Opseth, Kunnskapsparken Vestland |
| 16.40–18.30 | Arbeidsverksted 2: Organisering av klynga |
| 18.30–19.00 | Pause før middag |
| 19.00 | Middag |

Onsdag 26. mars

| Tid | Post |
|---|---|
| 08.30–08.55 | Samarbeidet vårt med Røros Mat som døme for samarbeid med Hjorteklynga v/Eivind Thomas Wang, Unil |
| 08.55–09.20 | Marknader og vegval v/Dag Gjerde, Dysvik Hjort |
| 09.20–09.30 | Pause |
| 09.30–09.40 | Arbeidsgruppe om Profilering av klynga<br>• Status og plan for arbeidet v/Robert Vørøs, Løvaas Gard |
| 09.40–11.20 | Arbeidsverksted 3: Profilering av klynga |
| 11.20–11.30 | Konklusjonar og vegen vidare v/Jon Anders Stavang, Stiftelsen Norsk Hjortesenter |
| 11.30–12.30 | Lunsj |
| 12.30–16.30 | Kurs i kjøtkvalitet v/Stefania Gudrun Bjarnadottir, Animalia |

# Kompetansebygging er viktig for klynga



Kompetansenettverk Lokalmat - Fagsamling hjortekjøtt

Stefania Gudrun Bjarnadottir, prosjektleder
Bergen, 26.03.2025

Kjøttkvalitet

ANIMALIA

# Organisering som sikrar låge kostnadar er nøkkelen..



# Hjorteklynga SA – i ferd med å verte etablert

## Stiftelsesdokument for Hjorteklynga SA

Følgende stiftarar har bestemt å stifte eit samvirkeforetak:

| Navn eller foretaksnavn | Adresse | Fødselsnr./organisasjonsnr. |
|---|---|---|
| lalstestad Hjortefarm v/Ole Skau | Vestsidevegen 11212635 Tretten | 982803292 |
| Carlsen Kjell Kristian | Askvollvegen 2366980 ASKVOLL | 969919745 |
| Dysvik Hjort | Omavegen 399, 5632 Omastranda | 920537723 |
| Haugen Gardsmat Drift | Brekkevegen 515743 FLÅM | 925344664 |
| Kystvilt | co/Bjarte MIdtbø, 6964 Korssund | 916510748 |
| Marås Hjort | Mørkridsvegen 4286876 SKJOLDEN | 989860275 |
| Søndre Gardsmat v/Kjell Vidar Ø | Haukelivegen 8165580 ØLEN | 982338719 |
| Vikja AS | Seljadalsvegen 176893 VIK I SOGN | 991436472 |
| Per Gynt Hjort v/Hans Hage | Hågåvegen 302640 VINSTRA | 969489848 |
| Løvaas Gard | Langedalen 5225268 HAUKELAND | 921066880 |
| Stiftelsen norsk Hjortesenter | Kvalstadvegen 191, 6914 Svanøybukt | 982913284 |
| | | |
| | | |
| | | |

## Protokoll, stiftingsmøte – Hjorteklynga SA, 15. august 2025

Stiftingsmøtet fann stad på Voss 15. august på ei næringssamling arrangert av Norsk Hjortesenter med samarbeidspartnarar, der tema var samarbeid og etablering av ei næringsklynge. Ei rekke bedrifter samt offentlege aktørar deltok på samlinga.

I møtet vart vedtektene for Hjorteklynga SA gått igjennom og forsamlinga slutta seg einstemmig til at desse vedtektene skal gjelde fram til første årsmøte Hjorteklynga SA, i 2026. Vedtektene er lagt ved.

Det vart sett ned ein valkomite som skulle foreslå kandidatar til eit styre for Hjorteklynga SA. Valkomiteen vart: Marit Hjortung, Kjersti Songnes og Joar Helgheim.

Etter forslag frå valkomiteen vart følgande kandidatar fremja til styret: Ole Skaug, Kristine Ohnstad, Robert Vørøs. Desse vart valde einstemmig. Norsk Hjortesenter skal bistå interim-styret i arbeidet med å utvikle organisasjonen.

Styret si første oppgåve vert å registrere Hjorteklynga SA i Brønnøysund.

**Protokollert av:**

Jon Anders Stavang, stiftinga Norsk Hjortesenter

Document ID: 8e1477d5b-92f8-48dc-82a8-4a2b84feb775

## Vedtekter for Hjorteklynga SA

**§ 1 – Namn**

Føretaket sitt namn er Hjorteklynga SA. Føretaket er eit samvirkeføretak og skal føre SA" i namnet.

**§ 2 – Forretningskontor**

Føretaket sitt forretningskontor er i Kinn kommune, Vestland fylke.

Adressa er:
HJORTEKLYNGA SA
V/Stiftelsen Norsk Hjortesenter

Kvalstadvegen 191
6914 SVANØYBUKT

**§ 3 – Føremål og verksemd**

Føretaket har som føremål å fremme medlemmene sine interesser gjennom å:
1. Utvikle næringsvegen for hjort i heile verdikjeda.

2. Styrke bedriftene og utvikle næringa gjennom samarbeid og felles tiltak.
Med hjort, meiner ein både vill hjort og oppdrettshjort.

Føretaket har sitt utspring i Vestland, men medlemskap er ope for relevante aktørar frå heile Noreg som støttar føremålet og ynskjer å bidra aktivt til arbeidet i klynga. Dialog og samarbeid med offentlege aktørar er viktig for å utvikle klynga.
Føretaket skal bidra til auka verdiskaping ved å:

- Utvikle gode rammevilkår for næringa.
- Styrke kompetanse og rekruttering til næringa.
- Utvikle og styrke merkevara hjort og hjortekjøt.
- Drive informasjonsverksemd og synleggjere næringa sine moglegheiter.
- Fremme forsking og utvikling (FoU) knytt til hjortekjøt og verdikjeda.
- Skape arenaer for samarbeid og nettverksbygging mellom aktørane.

Document ID: 8e1477d5b-92f8-48dc-82a8-4a2b84feb775

# Utfordringar

- Drahjelp frå kommunar (tomme viltfond pga ettersøk, manglande kompetanse)
- Fragmentert næring, ujamn tilgang til viltkjøt
- Ikkje leveringsdyktige til større kundar - Hjorteklynga SA skal svare ut dette
- Logistikk
- Standardar
- Svart marknad, ingen kontroll eller insentiv for jegerane til å levere til lovlege mottak. Priskonkurranse
  - Slaktetilskot?

- Mattilsynet har ulik praksis ved tilsyn, godkjenningar
- Hjorteviltstrategien; vil det verte avsett midlar til at ein får jobba med utfordringane som er skissert? Her kan både Norsk Hjortesenter og Skogkurs bidra